

PROTOKOLL – ÅRSMØTE SUNNFJORD IDRETTSRÅD

Hafstadparken, Fil-huset, måndag 20.april 2026 kl. 18.00

Leiar i Sunnfjord idrettsråd, Jan Magne Herstad ønske velkommen til årsmøtet.

Første del av årsmøtet vart brukt til ein presentasjon av VM i vektløfting 2025, presentert av VM-general Stian Grimseth på Teams frå Georgia. I ei kort oppsummering fortalte han om både sportsleg suksess med 40 verdsrekordar, og økonomisk suksess. Kort fortalt skuldast dette liten administrasjon av fast tilsette, 3 personar. I tillegg stor frivillig innsats av i underkant av 1000 personar. Den sportslege suksessen har vorte lagt merke og har fått gode tilbakemeldingar. Den økonomiske suksessen har kome mange lokale lag til gode.

Saker på årsmøtet.

1. Godkjenne dei frammøtte representantane

Desse møtte:

Sunnfjord idrettsråd:

Jan Magne Herstad, Arthur Norevik, Bjørn Anders Steinsund, Hilde Lauritsen, Agnar Bøyum(også representant Jølster IL).

Idrettslag:

Lars Vegsund(Førde IL), Arne Helgheim (Førde IL), Sissel Viddal Laache(Førde IL), Inge Holsen(Gaular IL)

Valnemnda:

Odd Hagen (også representant Førde IL)

Kontrollutvalet:

Oddvar Huseklepp, John Hjelkrem.

Gjester:

Sunnfjord kommune: Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy

Vestland Idrettskrets: Ola Rognebakke

Norges idrettsforbund: Katrine Osland Netland, observatør

Det møtte 10 representantar med stemmerett.

Framlegg: Dei frammøtte representantane vert godkjent.

Vedtak: Dei frammøtte representantane samrøystes godkjent.

2. Val av dirigent, referent, og to representantar til å skrive under møteprotokoll.

Framlegg:

Dirigent: Magne Faleide

Referent: Bjørn Anders Steinsund

To til å underskrive møteprotokoll: Inge Holsen (Gaular IL), Lars Vegsund (Førde IL)

Vedtak: Framlegg samrøystes vedteke.

Merknad: Grunna brannvakt og utrykking måtte valt referent Steinsund forlate møtet etter sak 3. Ny referent i resten av møtet, Arthur Norevik.

3. Godkjenne innkalling, saksliste og forretningsorden

Kunngjering om årsmøte blei sendt ut på e-post 7. april.

Sakliste, årsmelding, budsjett og rekneskap blei sendt ut 13. april.

Framlegg: Innkalling, saksliste og forretningsorden vert godkjent.

Vedtak: Innkalling, saksliste og forretningsorden godkjent samrøystes.

4. Fordeling av LA-midlar og driftsmidlar frå kommunen.

Idrettsrådet har i 2025 motteke kulturmidlar/driftsmidlar frå kommunen til idrettslaga med kr 620.000,-. Minstesats er kr 500, fordelt med 1/3 etter medlemstal 6-12år og 2/3 etter medlemstal 13-19år. Av dette kr 20.000. til idrettsrådet.

Ordinære LAM-midlar med kr 2.537.294,-. Av dette kr 15.000,- til idrettsrådet.

Minstebeløpet er kr 1000, 1/3 etter medlemstal 6-12 år og 2/3 etter medlemstal 13-19 år.

Som er forenkla matematisk modell.

Ekstramidlar vår på kr 227,777,-. Minstebeløp 3000kr. Ekstra innsats haust 322.349,-.

Minstebeløp 5000kr. Fordelinga er gjort etter medlemsregisteret i Sportsadmin.

Totalt er det fordelt ut til idrettslaga kr 3.707.420,-.

Framlegg: Fordeling av LAM- og tilskotsmidlar vert godkjent.

Vedtak: Framlegg vart samrøystes vedteke.

5. LAM-midlar til Sunnfjord idrettsråd

Frå 2024 har NIF opna opp for at inntil 5% av LAM-midlane kan avsetjast til drift av idrettsrådet under føresetnad av at kommunen yter tilsvarande i tilskot.

Framlegg: Sunnfjord idrettsråd foreslår at det frå 2024 blir sett av inntil 5% av dei ordinære LAM-midlane til drift av idrettsrådet, avgrensa til same beløp som kommunen yter i tilskot.

Vedtak: Samrøystes vedteke.

6. Handsame årsmeldinga

Leiar gjekk igjennom Årsmeldinga.

Framlegg: Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

Vedtak: Årsmelding samrøystes vedteke.

7. Handsame idrettsrådets rekneskap i revidert stand.

Inntekter på kr 35.666. og utgifter kr 8090. gjev eit overskot på kr 27576. Eigenkapital kr 115.141,77.

Sjå vedlagte reviderte rekneskap for 2025.

Framlegg: Rekneskap i revidert stand vert godkjent.

Vedtak: Rekneskap samrøystes vedteke.

8. Handsame framlegg til arbeidsprogram. Drøfte og prioritere planar for anleggsutbygging og aktivitetsutvikling

Det vart vist til avsnitt i årsmeldinga om oppgåver framover.

«Styret meiner at samarbeidet med kommunen fungerer svært godt og at dette er viktig for både idretten og kommunen å halde på. Utan eige sekretariat i idrettsrådet er eit godt samspel med kommunen avgjerande for at idrettsrådet skal kunne utøve den rolla vi er sett til å gjere, dette blir regulert gjennom samarbeidsavtala og NIF sine retningslinjer for idrettsråda.

Nokkelpersonane i samarbeidet med kommunen er einingsleiar for idrett og friluftsliv og kommunalsjef for kultur og idrett. Kommunedirektøren og ordførar er og viktige kontaktpunkt for idrettsrådet.

Det bør lagast ein strategi for realisering av dei strategisk viktige anlegga. Samt å auke innsatsen for reablitering av anlegg som treng fornying pga. miljøkrav og stor slitasje.

Idrettsrådet for Sunnfjord kommune ynskjer å vere involvert i utfordringane med drift av anlegga i Sunnfjord kommune. Vi ynskjer å få oversikt over kva eigarskap dei ulike anlegga har, dagens driftskostnad og framtidige kostnader som er for dei ulike anlegg.

Utdanning av trenarar og leiarar er også noko vi vil oppmode våre medlemmar om å prioritere framover. I det ligg også at idretten skal vere ein møteplass der barn og ungdom under leiding av vaksne skal ha full trygghet for å ikkje bli utsett for uønskt handlingar i eit dopingfritt treningsmiljø. Beste måten å trygge barna og ungdom på er å «sjå» dei og vere oppmerksam på signal som kan vitne om at dei treng nokon å snakke med.

Neste kommuneval er i 2027 og idrettsrådet må arbeide aktivt for å fremje idretten sine interesser overfor kommunepolitikarane.»

Framlegg: Arbeidsprogram vert godkjent.

Vedtak: Arbeidsprogram samrøystes vedteke.

9. Handsame innkomne forslag og saker

Ingen innkomne forslag.

10. Vedta budsjett

Framlegg: Budsjett vert godkjent slik det ligg føre.

Vedtak: Budsjett samrøystes vedteke.

11. Val

Valnemnda er leia av Odd Hagen, som la fram innstilling til val

Idrettsrådet:

Leiar:	Jan Herstad (Naustdal)	1 år
Nestleiar:	Arthur Norevik (Førde)	ikkje på val
Medlem:	Sissel Sande (Førde)	ikkje på val
Medlem:	Bjørn Anders Steinsund (Jølster)	ikkje på val
Medlem:	Berit Tefre (Førde)	Attval 2 år
Medlem:	Janne Takset Nøstdal (Naustdal)	Ny 2 år
Medlem:	Evi Ollikainen (Gaular)	Ny 2 år
Vara:	Hilde Lauritsen (Førde)	ikkje på val
Vara:	Agnar Bøyum (Jølster)	Attval 2 år

Vedtak: Jan Herstad samrøystes valt som leiar 1 år i eige val. Tefre, Nøstdal, Ollikainen, og Bøyum samrøystes valde i samsvar med innstillinga frå valnemnda.

Kontrollutval:

Leiar:	Oddvar Huseklepp (Førde)	ikkje på val
Medlem:	Svein Inge Midtun (Gaular)	Attval 2 år
Medlem:	Jon Hjelkrem (Førde (Gaular)	ikkje på val

Vedtak: Svein Inge Midtun attvald samrøystes

Representantar til idrettskrinsting:

Styret får fullmakt til å velje representantar


Vedtak: Styret får fullmakt til å velje representantar til idrettskrinsting. Samrøystes.

Valnemnd:


Medlem	Odd Hagen (Førde)	2 år.
Medlem:	Øystein Erland (Førde)	1 år.
Medlem:	Kristin Årdal Mallesvik (Jølster)	1 år.
Medlem:	Inge Holsen (Gaular)	2 år.
Medlem:	Jan Magne Åsnes (Naustdal)	1 år.

Vedtak: Valnemnda valt samrøystes i samsvar med innstillinga.

Førde, 23. 04.2026



Inge Holsen



Lars Vegsund

Vedlegg 4:

Årsmelding Sunnfjord idrettsråd 2025
Rekneskap Sunndjord idrettsråd 2025
Kontrollutvalet sin rapport 2025
Budsjett Sunnfjord idrettsråd 2026